



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Rambøll Norge AS
Storgata 25
6002 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.09.2011	53290/2011/REGULERINGSPLAN/1532	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	31.10.2011

Giske kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Skjong Hamn - fråsegn til melding om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne i reguleringsområdet på Skjong, i Giske kommune. Vi har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen innvendingar mot planen. Moglegheita for at det kan ligge kulturminne i de aktuelle områda er likevel til stede. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar plikter å gi melding til museet dersom det under arbeid i sjøområda blir påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeid under vatn straks bli stoppa og verksemda ikkje bli teke opp at før museet har undersøkt og eventuelt frigitt området. Eventuelle brot på desse føresetnadene vil være i strid med Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kjersti Dahl, 71 25 88 49

Kopi:
Giske kommune
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

